



Ole Kristoffer Vågen på Skorpo, her ståande på eit område som hjorten har beita av, ynskjer å satsa på hytteutleige. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ole Kristoffer Vågen på Skorpo har no søkt kommunen om utsetjing for byggjeplanen på sin part av hyttefeltet Vågen. Han vil helst satsa på utleigehytter.

Grunnen er at "vi har litt forskjellige planar for partane av området", som han uttrykker det. Han opplyser at området ligg slik til at det vert svært lite infrastruktur og det som vert soknar naturleg til kvart bruk. Og då er det lite behov for samordning av byggjeplan, held Vågen fram.

Kåre Hauge ynskjer å overdra tomta til dotter si, mens Vågen er meir interessert i utleigehytter.

Han vil ikkje stansa Hauge sine planar samstundes som han ikkje er klar for noko på sitt område. Vågen ynskjer no å undersøkje meir rundt hytteutleige.

Av Ola Matti Mathisen